





## Innhald

1	Kvalitetsmål .....	4
1.1	Utviklingsplan .....	4
2	Kurs .....	4
2.1	Redningsfarkost og mann over bord båter .....	4
2.2	Sertifikat for lasteskip opptil 24 meter/300 brt .....	4
2.3	Sertifisert sikkerhetsopplæring .....	5
2.4	ROC .....	5
2.5	Gjennomførte kurs .....	5
3	STCW-fag og kvalitetssikring .....	6
3.1	Personell .....	6
3.2	Vg2 Maritime fag .....	6
3.3	Vg2 Fiske og fangst .....	6
3.4	Tryggleikskurs .....	7
3.5	Sjøfartsdirektoratet: .....	7
4	Kvalitetssikringsarbeid .....	8
4.1	Internrevisjonsrapport .....	8
4.2	Eksternrevisjonsrapport .....	9
5	Anbefalte tiltak og endringar/betringar .....	9
6	Årshjul .....	10
6.1	Årshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø .....	10
6.2	Elevundersøkinga .....	12
7	Tilbakemeldingar frå elevråd .....	12
8	Gjennomføring og fråvær .....	13
8.1	Gjennomføring .....	13
8.2	Fråvær .....	13
8.3	Fråfall .....	13
9	Opplæringfarty .....	14
9.1	«Stø Kurs» .....	14
9.2	«Huftarøy» .....	15
9.3	«Tobias – 23 kaptein» .....	15
9.4	«Horisont» Harding Safety LBT-650 .....	16
10	YFF og samarbeid med næringa i Austevoll .....	16
11	Miljø .....	17



12	Rekruttering.....	18
12.1	Messer:.....	18
12.2	Ringer av vann 21. november.....	18
12.3	Open skule for Austevoll ungdomsskule .....	18
12.4	Utdanningsval – Mitt yrke (Senter for y-rettleiing, SYR) .....	18
12.5	Hospitering av einskilde elevar.....	18
12.6	Orientering ved ungdomsskular .....	19
12.7	Tokt med Stø Kurs .....	19
12.8	Samarbeid med Lerøy Vest.....	19
12.9	Facebook .....	19
12.10	Heimeside.....	19
13	Eksamensarbeid.....	20
14	AMU og verneombod.....	20
15	HMT på skulen.....	21
16	Avviksrapportar.....	21
17	Innkjøp .....	22
18	Økonomi.....	22

#### **12.06.17**

##### **Deltakarar:**

**Rektor Vivian Bjånesø Horgen**

**Assisterande rektor Håvard Magnus Njåstad**

**Fagleiar Roy Dahle**

**Elevinspektør Andreas Risøy**

**KS-leiar Linda G. Kalve**

##### **Ikkje tilstade:**

**Avdelingsleiar Helga Rabben**



## **1 Kvalitetsmål**

### **1.1 Utviklingsplan**

- Det overordna målet står framleis fast; *Auke læringsutbytte og fullføring*
- Austevoll vgs har valt 3 hovudfokusområder for perioden 2016-2018: yrkesretting og relevans, profesjonalitet og vurdering. Dei seinaste åra har fullføringsgraden ved skulen vore særskild god. Fullføringsgraden for skuleåret 2015/2016 var 94,2 %, og fråfallet var på 0,7 %. Snittpoengsummen ved inntak var 36,6 - ein auke på 0,8 poeng sidan skuleåret 2013/2014. Med å ha fokus på dei tre tiltaksområda i utviklingsplanen, er målet til skulen at fullføringsgraden skal halde seg stabilt på om lag 95 % og at fråfallet skal halde seg under 1 %.
- Halde fokus på eit sundt og godt arbeidsmiljø for elevar og tilsette. Som IA-bedrift må me gjere det me kan for å legge til rette slik at tilsette som i periodar har spesielle behov får innfridd desse. Me må også ha fokus på å få tilsette som er sjukmelde tilbake i tilpassa arbeid så snart som mogleg. Delvis eller heilt.
- Godt samarbeid med næringslivet i og utanfor Austevoll. Få til og halde ved like gode intensjonsavtaler med bedriftene

## **2 Kurs**

### **2.1 Redningsfarkost og mann over bord båter**

1. 8. 2016 kom det nye læreplanar for vg2 maritime fag. Mykje av dei tidligare kompetansemåla vart vidareført, men nytt er eit valfritt programfag; matros eller motormann. For dei av elevane som vel matros som fordjupingsområde (om lag halvparten av elevane), vert det krav om å gjennomføre kurs/opplæring i redningsfarkost og mann over bord båtar. I juni 2016 starta Austevoll vgs prosessen med å bli godkjent av Sjøfartsdirektoratet, samt innkjøp av naudsynt utstyr inkl. livbåt. 26. september blei skulen godkjent av Sjøfartsdirektoratet, og medio desember vart livbåten frå Harding Safety levert. I løpet av våren 2017 har skulen gjennomført kurset for alle elevane som går vg2 maritime fag (både matros og motormann) ved Austevoll vgs, og i tillegg har 44 elevar (vg2 maritime fag – matros/dekk) frå Rubbestadnes vgs og Bergen maritime vgs gjennomført kurset. Kursevalueringa viser at elevane har vore særskild nøgd med kurset.

### **2.2 Sertifikat for lasteskip opptil 24 meter/300 brt**

Forslag til nasjonal emneplan for dette sertifikatet er framleis til handsaming hos Sjøfartsdirektoratet. Skulen har fortløpande kontakt med Sjøfartsdirektoratet, og i mai/juni 2017 kom Sjøfartsdirektoratet med signal om at dei vonar sertifikatet vert gjeldande frå 1. 1. 2018. Sjøfartsdirektoratet seier også at det vert ei overgangsordning for dei som allereie jobbar i næringa.

Austevoll vidaregåande skule har vore representert i arbeidsgruppa til Sjøfartsdirektoratet, som einaste maritime godkjente opplæringsinstitusjon (av Sjøfartsdirektoratet). Arbeidet



føregjekk siste halvår av 2014, nærare bestemt 19. juni, 7-8. oktober og sluttmøte 17. november. I etterkant av siste møte vart forslag til læreplanar vart sendt Sjøfartsdirektoratet. Skulen vil vere klar til å køyre i gang med undervisning etter desse læreplanane når dei er endeleg godkjent og gjeldande, primært for elevane i vg2 Akvakultur, men og for næringa elles.

I forkant av skulen sin deltaking i arbeidsgruppa, vart skulen av Norsk Maritime Senter for Havbruk (NMSH AS), spurd å køyre eit pilotkurs for tilsette i havbruksnæringa. NMSH AS hadde utarbeidd eit utkast på læreplan som dei hadde fått klarsignal til å køyre pilotkurs på av Sjøfartsdirektoratet, så fremt dette vart gjort på ein maritime godkjent opplæringsinstitusjon. Næringa uttrykte at det då var naturleg å inngå samarbeid med Austevoll vidaregåande skule, ettersom kompetansen innanfor nautikk og akvakultur er særskilt høg ved skulen. Pilotkurset føregjekk i desember 2013 og våren 2014, og 18 deltakarar frå havbruksnæringa gjennomførte dette – med særskilt gode resultat og tilbakemeldingar.

### **2.3 Sertifisert sikkerhetsopplæring**

Mål for truckopplæring ved lærestaden er sertifikatgjevande opplæring for våre elevar og eksterne kjøparar av kurset. Tryggleik er særskilt lagt til grunn for gjennomføring av opplæringa og er eit overordna læringsmål. Gjennom god og grundig opplæring etter godkjente læreplanar, og etterlevde tryggleiksrutiner for opplæring og utstyr, skal kursdeltakarane få praktisk og teoretisk opplæring som fører fram til sertifikat. Det er Austevoll vidaregåande skule si målsetting at kurstenerne frå skulen skal oppfylle eigne elevar, eksterne kursdeltakarar og relevante styresmakter sine krav og forventningar. Alt opplæringspersonell ved Austevoll vgs skal halde eit kompetansenivå som sikrar riktig kvalitet på alle leveransar.

### **2.4 ROC**

Elevane i Vg2 Fiske og fangst gjennomfører undervisning til radiosertifikatet ROC-GMDSS, og opplæringa skjer i tråd med til ein kvar tid gjeldande læreplan frå Telenor Kystradio. Undervisninga blir tatt av YFF-timane, og dei har både skriftleg- og munnleg eksamen. Sensor kjem frå Telenor Kystradio.

### **2.5 Gjennomførte kurs**

Gjennomførte kurs	Antall deltakare	Bestått
Truck	25	23
G11	58	Ikke ferdig
Varme arbeider	61	58
Livbåt	44	44
ROC (egne elevar)	17	14
ROC (eksternt kurs)	18	18



### **3 STCW-fag og kvalitetssikring**

#### **3.1 Personell**

Alle tilsette som underviser i STCW-fag, har no anten PPU eller IMO modellkurs 6.09 – eller begge delar.

På bakgrunn av at skulen driv opplæringsfartyet «Stø Kurs», er det naudsynt at lærarane som deltek i denne opplæringa har oppdaterte og naudsynte sertifikat og kurs.

På bakgrunn av signala frå Sjøfartsdirektoratet om at sertifikat for lasteskip opp til 24 meter vonleg vil kome i løpet av neste skuleår, har skulen lyst ut ledig stilling som lærar i marine og maritime fag frå 1. august 2017. Krav til stillinga er minimum D4-sertifikat og erfaring frå arbeids-/servicebåt frå akvakulturnæringa.

#### **3.2 Vg2 Maritime fag**

Austevoll vidaregåande skule fekk hausten 2013, godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet til å drive undervisning iht. emneplanane:

*Matrosfaget, fag til fordypning og praktis. STCW A-II/4 og A-II/5.*

*Motormannfaget, fag til fordypning og praktis. STCW A-III/4 og A-III/5.*

Faglærarane har iht. prosedyre på gjennomføringa av undervisning, utarbeidd framdriftsplanar, der det tydeleg kjem fram kva kompetansemål det vert undervist i, og med tydeleg referanse til rett STCW-tabell.

Denne emneplanen vart frå 1.8.2016 innlemma i dei ordinære programfaga, men Sjøfartsdirektoratet har gjeve melding om at godkjenninga frå dei framleis gjeld som før – då innhaldet i utdanninga/emneplanen ikkje er forandra.

#### **3.3 Vg2 Fiske og fangst**

Kompetansesertifikat dekksoffiser klasse 5:

Austevoll vidaregåande skule har lang tradisjon å undervise Vg2 Fiske og fangst i «Kystskipperserifikatet-D5». Opplæringa skjer etter Sjøfartsdirektoratet sin emneplan; «Kompetansesertifikat dekksoffiser klasse 5. STCW konvensjonens regel II, STCW kodens avsnitt A-II/3 og tabell A-II/3».

Før LK-06 var alle funksjonane i emneplanen ein del av den ordinære læreplanen til Vk1 Fiske og fangst. Etter innføringa av programfaga *Drift av farty og Fangst og reiskap*, må alle elevane som har undervisning i D5, opp til eksamen i funksjonane;

F1 – Navigering på det operative nivået

F2 - Lasting, lossing og stuing på det operative nivået

F3 - Kontroll av skipets drift og omsorg for personer om bord på det operative nivået.

Om elevane oppnår karakteren 3 (tre) eller betre, vil dei få utstedt eit vitnemål (Diploma) som visar dette, og at gjennomført undervisning er i tråd med STCW tabell A-II/3.

Elevane får og eit vedlegg til kompetansebeviset som visar at noko av YFF (Yrkesfagleg fordjuping) er nytta til undervisning i D5.

Faglærarane har iht. prosedyre på gjennomføringa av undervisning, utarbeidd framdriftsplanar, der det tydeleg kjem fram kva kompetansemål det vert undervist i, og med tydeleg referanse til rett STCW-tabell.

#### **3.4 Tryggleikskurs**



Frå utdanningsdirektoratet:

Vg1 Naturbruk (programfag *Naturbasert produksjon*):

*dokumentere gjennomført opplæring i forhold til IMO 60 (gjelder kun for elever som har fiske og fangst som en av produksjonene)*

Vg2 Maritime fag (programfag *Dokumentasjon og kvalitet*):

*dokumentere gjennomført opplæring i henhold til IMO 60*

Uniko AS er Austevoll vidaregåande skule sin leverandør av desse kursa. Dei har gjennom skuleåret gjennomført grunnleggjande tryggleikskurs (50 timar) for skulen sine elevar i vg1 naturbruk og vg2 maritime fag.

Uniko AS har sitt eige KS-system for gjennomføringa, og Austevoll vidaregåande skule hadde ein revisjon på eksterne kurstilbydarar skuleåret 2013/2014.

Iht. revidert STCW -78 med seinare endringar, heiter kurset no;

*Grunnleggende sikkerhetsopplæring (50t)*, der undervisninga skjer etter Sjøfartsdirektoratet sin emneplan; *Grunnleggende sikkerhetsopplæring – STCW konvensjonens regel VI, avsnitt A-VI/1-1, 1-2, 1-3 og 1-4.*

Hordaland fylkeskommune sin avtale med Uniko AS går ut 31.7.2017, og det er uviss kven som overtar som kursleverandør etter denne dato.

### **3.5 Sjøfartsdirektoratet:**

Austevoll vgs fekk tilsendt nytt godkjenningsbrev frå Sjøfartsdirektoratet 26. september 2016, der alle godkjenningane er lista opp i same dokument;

- ✓ *Forskriftens § 34 og vedlegg III, STCW tabell A- II/5 - Matros*
- ✓ *Forskriftens § 43 og vedlegg IV, STCW tabell A-III/5 – Motormann*
- ✓ *Forskriftens § 47 Krav til fører av mob-båt og redningsfarkost*
- ✓ *Forskriftens § 62 og vedlegg II, STCW tabell A-VI/6-1 – Sikringsbevissthet*
- ✓ *Forskriftens § 63 og vedlegg II, STCW tabell A-VI/6-2 – Særskilte sikringsplikter*
- ✓ *Forskriftens § 24 og vedlegg II, STCW tabell A-II/3 – VG2 Fiske og fangst*
- ✓ *Forskriftens § 24 og vedlegg II, STCW tabell A-II/3 – til Kompetanse sertifikat D5*
- ✓ *Forskriftens vedlegg IV, STCW tabell A-III/1 og A-III/2 - Oppgradering for maskinoffiserer, elektriske og elektroniske anlegg og kontrollinstallasjoner på operativt og ledelsesnivå*

Forskriftens vedlegg IV, STCW tabell A-III/6 og A-III/7 – Oppgradering for skipselektrikeroffiser og skipselektriker med tidligere utdanning  
Godkjenninga er gyldig til 4. september 2018.



## 4 Kvalitetssikringsarbeid

Kvalitetssikringsarbeidet er gjennomgåande heile skuleåret og angår alle tilsette, elevar og andre som har noko med skuledrifta å gjere. Medan dei interne og eksterne revisjonane i all hovudsak rettar seg mot den maritime verksemda, blir fleire av faga involvert. Skulen sitt kvalitetssystem er sertifisert av DNV-GL etter ST-0029.

(<https://rules.dnvgl.com/docs/pdf/DNVGL/ST/2014-04/DNVGL-ST-0029.pdf>).

### 4.1 Internrevisjonsrapport

#### Sertifisert sikkerhetsopplæring

Under årleg revisjon frå ASAS ble det avdekke at det ikkje hadde vært internrevisjon eller at sertifisert sikkerhetsopplæring var skildra i Leiingas Gjennomgang. Med bakgrunn i dette blei det gjennomført internrevisjon 12.10.2016 med to instruktørar tilstade. Temaet for revisjonen var å planleggje lukking av avvik frå eksternrevisjon, samt å sjå på eventuelle feil og manglar, og sjekke rutinar.

Avvika frå den eksterne revisjonen er lagt inn i Delta.

Revisjonen har avdekka følgjande avvik, observasjonar og forbetringstiltak:

Nr	Avvik
A1	
	<b>Observasjoner</b>
O1	Verneutstyr
O2	Modul 3.2
O3	Nett-tilgang på kai
	<b>Forbedringstiltak</b>
F1	Tilgang og kontroll

#### ISPS

Det blei gjennomført internrevisjon av ISPS-kurs i september og det blei ikkje avdekka nokon avvik. Observasjonar og forbetringstiltak er skildra under.

	Observasjoner
O1	Det kan være en fordel å dele ut presentasjonene til deltakerne, slik at de har noe å følge med på og ta notater underveis.
O2	
	<b>Forbedringstiltak</b>
F1	En klar fordel å knytte innholdet i ISPS til fellesfagene, slik at elevene kan ha større begrepsforståelse til innholdet.





<b>F2</b>	Se på mulighetene for å knytte teori med praksis i forkant av kurset, for eksempel ved bruk av undervisning om bord på «Stø Kurs».
<b>F3</b>	Ved interne kurs kan innholdet i presentasjonene med fordel kortes ned.

### **VG1 Naturbruk**

Det er gjennomført ei evaluering av undervisninga ved naturbruk, i tråd med revisjonsplanen til skulen. Evalueringa tok for seg undervisning i både fellesfag og yrkesfag, samt at assistenten deltok. I rapporten kjem det fram kva som har vore suksessfaktorar og kva som ein bør endre, med tanke på nytt skuleår.

### **4.2 Eksternrevisjonsrapport**

#### **Sjøfartsdirektoratet**

24.01.2017 blei det gjennomført revisjon frå Sjøfartsdirektoratet. Dei fire funna gjaldt feil og manglar vedrørende prosedyrer kring innkjøp, rapportering og organisasjonskartet. Dei kom også med ei observasjon knytta til elevevaluering av undervisning. Alle avvik og observasjonar er lagt inn i Kvalitetssystemet, gjort rede for og sendt til lukking hos Sjøfartsdirektoratet. Desse er bekrefta lukka.

#### **Telenor**

29.03.17 blei det gjennomført revisjon frå Telenor. Revisjonen var for både fagskulen og vidaregåande skule, sidan ein delar radiolab. Revisjonsrapporten er å finne i kvalitetssystemet og avvika er lagt inn, saksbehandla og lukka. Det blei registrert to avvik som om handlar læremål for GOC og studentevaluering av undervisninga.

## **5 Anbefalte tiltak og endringar/betringar**

I 2016 ble det arbeida med å få ein ny overordna utviklingsplan, som gjeld frå 2016-2018. I fellesmøte med dei tilsette blei det staka ut tre satsingsområder: 1) profesjonalitet 2) Yrkesretting og relevans og 3) Vurdering. Det blei etablert arbeidsgrupper for kvar av desse satsingsområda, der kollegiet valte ut i frå interesse og kompetanse. Det ble satt av tid til at arbeidsgruppene kunne arbeide med å forme nye målsetjingar og tiltak i løpet av hausten. Den nye utviklingsplanen ble ferdigstilt og presentert i årsskiftet 2016/2017. Fleire av tiltaka er allereie blitt utført, men mange av desse er gjentakande for kvart år. Sjå vedlagt utviklingsplan.



## 6 Årshjul

### 6.1 Årshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Månad	Prosjekt / tiltak	Ansvar
August	<p><b>Velkomstsamtaler for elev/føresette Vg1 før skolestart?</b></p> <p>Startsamtale alle elever</p> <p>1. skuledag: Mjuk start, felles velkomsttale frå rektor, opprop og så oppstart i klasserommet kvar klasse for seg.</p> <p>2. skuledag Vg 1 Omvising, relasjonsbygging og info frå helsesyster, rådgjevar, ikt-konsulent, politiet mm</p> <p>Kurs i nettvett</p> <p>Val av tillitselev</p>	<p>Assisterande rektor</p> <p>Kontaktlærarar</p> <p>Elevinspektør, rådgjevar, kontaktlærarar, faglærarar, helsesøster/skulelege</p> <p>E-koordinator</p> <p>Elevinspektør</p> <p>Kontaktlærarar</p>
September	<p>Val av elevrådsstyre</p> <p>Val av elevrepr. til skulemiljøutvalet, ungdommens kommunestyre og amu</p> <p>Presentasjon av kap 9a i opplæringslova</p> <p>Møte elevrådsstyret/leiinga</p> <p>Start:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• open skule</li> <li>• trening i hallen og trimrom</li> <li>• utplassering vg1 Tip og HO</li> </ul> <p>DKS Utesiglaren med Helge Jordal</p>	<p>Elevinspektør</p> <p>Skulemiljøutvalet/Rektor/avdelingsleiar/Assisterande rektor</p> <p>Elevinspektør</p> <p>Kontaktlærarar</p> <p>Elevinspektør</p>
Oktober	<p>VIP i Vg1-klassene</p> <p>Foreldremøte (Evt konferansetid med kontaktlærar/faglærarar/rådgjevar</p> <p>Møte elevrådsstyret/leiinga</p> <p>Utplassering for fiske og fangst, akva og maritime fag</p>	<p>Elevinspektør/helsesøster/kontaktlærarar</p> <p>Kontaktlærarar</p>
November	<p>Utviklingsamtale</p> <p>Elevundersøking</p> <p>Fagsamtaler</p>	<p>Kontaktlærar</p> <p>Rektor/elevinspektør</p> <p>Faglærarar</p>
Desember	<p>Volleyballturnering med finaler og underholdning i Austevollshallen</p>	<p>Kroppsøvingssesksjonen/elevinspektør/elevrådet</p>



	Juleavslutning med graut og elevinnslag i kantina (+undervegs Fia-pris) Juleavslutning open skule: English evening Møte elevrådsstyret/leiinga	Rektor/ ass.rektor/avdelingsleiar/elevinspektør Elevinspektør
Januar	<b>Undervisningsevaluering</b>  Møte elevrådsstyret/leiinga	Avdelingsleiar/Assisterande rektor Elevinspektør
Februar	Utviklingssamtale Møte elevrådsstyret/leiinga <b>Elevundersøking: trivsel, mobbing, fråvær og rus</b> Ut plassering akva	Kontaktlærer Elevinspektør  Elevinspektør
Mars	Møte elevrådsstyret/leiinga Skidag Naturbruk fiskar torskekvoten med Stø Kurs og Huftarøy i Lofoten/Møre/Austevoll	Elevinspektør  Kontaktlærer++
April	Møte elevrådsstyret/leiinga Studieførebuande og HO reiser til Spania	Elevinspektør Faglærer++
Mai	Møte elevrådsstyret/leiinga	Assisterande rektor
Juni	Klasseavslutningar Aktivitetsdag med rokonkurranse og fotballturnering Sommaravslutning med elevinnslag og Fia-pris	

**Heile skuleåret:** Klassens time, arbeid i elevrådet, **skulemiljøutvalet** og AMU, helsesøster 1 dag i veka, skulelege ½ dag i veka, ressursteam møter, OT/PPT, open skule 1 gongar i mnd. og aktivitet i Austevollshallen kvar tysdag kl. 19.

**Andre ting:** Den kulturelle skulesekken ein gong i semesteret. Studieførebuande på BIFF og teaterbesøk.

Evaluering: Punkta merka med gult er ikkje gjennomført i år. Undervisningsevaluering har ikkje vore pålagd dette skuleåret. Skulemiljøutval er me pålagd å ha og det må opp å gå i 2017-2018. Open skule har berre vore arrangert to gonger dette skuleåret. Tiltaket er positivt for miljøet og bør satsast meir på neste skuleår. Då treng me fleire lærarar som vil stilla opp. Open hall har vore ein suksess i år, men deltakarane har stort sett vore lokale elevar. Neste år må me prøve å få fleire hybelbuarar med. Det kan vera aktuelt å tilby dei skyss med minibussen vår for å gjera tilbodet meir tilgjengeleg.



## **6.2 Elevundersøkinga**

Vart gjennomført i november 2016. Resultata viste mykje same resultat som i fjor. Elevane trivast godt på skulen og opplever miljøet ganske trygt. Tip og akva klassen merkar seg særst positivt ut i undersøkinga medan fiske og fangst merkar seg ut med låg score på dei fleste punkt. Resultata er presentert for fiske og fangst klassa og fleire av elevane meiner at ting har betra seg sidan november, medan andre seier at det ikkje har betra seg. Klassen sa i undersøkinga at dei opplevde lite støtte frå lærarane. Derfor har me sett inn ein lærar til i nokre fag i ein periode. Målsettinga for dette skuleår var å gjera det like bra på trivsel, betre på trygt miljø, arbeidsro og eigenvurdering. Me har gjort det omtrent like bra på trivsel (ned 0,1 prosentpoeng), 0,2 prosentpoeng ned på trygt miljø, 0,1 prosentpoeng ned på arbeidsro og opp 0,3 prosentpoeng på eigenvurdering. Så me er på rett veg når det gjeld eigenvurdering, medan me har ein veg å gå for å skapa trygge klassemiljø der det er rom for å gjera feil og at elevar ikkje ler når nokon seier noko feil. Me har heller ikkje nådd målet om å få meir arbeidsro i klassane.

## **7 Tilbakemeldingar frå elevråd**

Elevrådet har i 2016/2017 hatt 8 møter. Representant frå leiinga har vore tilstade på 8 av disse. Det vert framleis jobba med å få god struktur på elevrådsmøta og klassemøta. Sakene er sett opp på førehand i eit årshjul for elevrådet. Dømer på saker kan vera klasseleiing og skuleutvikling. I halvårsevalueringa rapporterer representantane at klassane i hovudsak er nøgd med det som skjer her på skulen. To saker dei vil jobbe vidare med er trafikksituasjonen rundt skulen og busstidene her ute. 5 stykk frå elevrådet har vore representert på ungdommens kommunestyre to ganger i haust. Elevrådet greidde ikkje stilla med representantar på elevforsamling i Bergen i regi av Elevorganisasjonen. Nestleiarer og eit medlem representerte skulen på elevtinget i Oslo i mars. Elevtinget vart ikkje ein positiv oppleving for våre representantar og det enda med at dei reiste heim att etter to dagar. Me må vurdera vår deltaking her neste skuleår. Om me sender nokon må dei vera godt førebudd. Årsevalueringa til elevrådet vert halde i veke 24.



## 8 Gjennomføring og frávær

### 8.1 Gjennomføring

Resultat (tal frå Hjernen & hjertet)	2014/2015	2015/2016	2016/2017
	Tal frå PULS	Tal frå PULS	tal frå Hjernen & hjertet
Fullført og bestått	90,1%	94,2%	
Slutta	0,9%	0,7%	3,4%
Karaktersnitt ved inntak	36,0	36,6	

### 8.2 Frávær

Tal frå PULS og Hjernen og hjertet.

#### Gjennomsnitt antall fraværsdager/-timer for skoleåret

Gjennomsnitt antall fraværsdager/-timer for skoleåret	Austevoll VGS (14-15)	Austevoll VGS (15-16)	Austevoll VGS (16-17) 1.termin
Dager Totalt	6,84	7,72	3,3
Klokketimer Totalt	10,89	9,99	6,2

Kommentar: Data er henta frå både PULS og Hjernen og hjertet og desse samsvarar ikkje alltid. Resultata for heile dette skuleåret ligg ikkje føre før skuleåret er over. Fråveret for 1. termin viser at akva toppar dagsfråveret og fiske og fangst toppar timefråveret. 10% regelen ser ut til å ha hatt ei positiv verknad på fråveret. Det fokuserast mykje på kor viktig det er med lite frávær og gode haldningar i alle klassar. På vg 2 linene ekstra mykje. Framleis størst utfordringar på naturbruk vg1 og vg2.

### 8.3 Fråfall

(Tal frå Extens og Hjernen og hjertet. )

13 elevar har endra status dette skuleåret 2016/2017. Av desse har 3 stykk aldri starta her, 2 elevar har skifta skule(Fitjar og Sotra). 1 elev er gått over i lære og 1 av elevane har skifta line internt på skulen frå naturbruk til Tip. 3 elevar har slutta på grunn av sjukdom. Det er usikkert om desse nokon gang vil koma attende. 3 elevar har slutta fordi dei heller ville jobbe. Om desse er i arbeid per dags dato veit me ikkje. 6 reelle sluttarar er ganske mykje. Om den nye 10 % regelen har spela inn er for tidleg å seie noko om.



## 9 Opplæringfarty

Austevoll vidaregåande skule har fire opplæringsbåtar; «Stø Kurs», «Huftarøy», ein open arbeidsbåt/fiskebåt «Tobias 23 kaptein» og livbåt LBT-650 Harding Safety.

### 9.1 «Stø Kurs»

Ble kjøpt i 2010 av Frøya vidaregåande skule, og døypt om til «Stø Kurs».

Båten er eigd av Hordaland Fylkeskommune – Opplæringsavdelinga, der Austevoll Vidaregåande Skule står for dagleg drift og disponerer fartyet.

Fartyet er godkjend for 25 personar.

#### Tekniske data:

Lengde: 28,05 meter

Breidde: 7,01 meter

Djupgåande: 3,96 meter

Hovudmotor: Alpha Diesel på 770 hk. (574 KW)

Hjelpemotor: Volvo Penta 210 hk (155 KW)

Thrustere: For: 150 hk

Akt: 200 hk

Lasterom: 110 m<sup>3</sup> RSW-tankar

Fartyet er elles utstyrt med alt av moderne navigasjonshjelpemidlar.

Diverse:

Gjennomførte krengeprøve ved Fitjar mekaniske verkstad 12. mars 2014.

Nye stabilitetsdata vart motteke frå Technimar AS 5. november 2014.

Ny landgang m/tryggleiksnett vart levert våren 2015, av Ocea AS.

Ny leder vart på dekk vart levert i veke 21 2015, av Ocea AS.

Ny kartmaskin, Telchart, vart montert av Furuno Bergen i februar 2015.

El-tilsyn av DSB, gjennomført 23. april 2015.

5-års inspeksjon av Sjøfartsdirektoratet vart gjennomført i veke 23 (2015) ved Bergen Group Services avd. Skjøndal – nytt fartssertifikat gjeldande til 2020 vart utstedt.

MLC-inspeksjon vart gjennomført 30. september 2015.

TM-Master (elektronisk vedlikehaldsprogram vart installert desember 2015.

Etter søknad, fekk skulen kr. 1 mill. til investeringar til «Stø Kurs». Midlane gjekk til å dekke kostnadane ved 5-årsinspeksjon og DSB, samt til fleire store investeringar; ECDIS-system (T-eedis frå Furuno, inkl. ny GPS, navtex, UPS, samt kabinett), ny MOB-båt (levert av Viking Life-saving equipment) og ny bysse (veggplater, fliser på dørk, ventil ut til gang, samt innreiing og kvitevarer).

Nytt program for skipsmedisin vert installert februar 2016, inkl. full gjennomgang av all medisin.

Telenor Maritim gjennomførte årleg radiokontroll juni 2016 – og det vart ikkje gjeve nokon pålegg/avvik.



## 9.2 «Huftarøy»

Ny Selfa 38 fot økonomisjark, som ble overlevert hausten 2013.

Båten er eigd av Hordaland Fylkeskommune – Opplæringsavdelinga, der Austevoll Vidaregåande Skule står for dagleg drift og disponerer fartyet.

### Tekniske data:

Lengde: 10,99 meter

Breidde: 3,84 meter

Djupgåande: 1,20 meter

Hovudmotor: Cummins 320 hk. (239 KW)

Havneaggregat

Sidepropell forut

Lasterom på 14 m<sup>3</sup>.

Fartyet er elles utstyrt med alt av moderne navigasjonshjelpemidlar.

Fartyinstruksen til «Huftarøy» gjekk ut i april 2016. I forkant av dette starta skulen prosessen med fornying av fartyinstruksen. Skulen tok kontakt med Marine Control AS, som er eit godkjent kontrollføretak av Sjøfartsdirektoratet.

I prosessen vart det ein del skjær i sjøen, då Selfa Artic AS hadde utelatt å levere med all dokumentasjon på fartyet (hausten 2013).

Men etter fleire telefonmøter med Selfa Artic, kontroll og god oppfylging av Marine Control AS, samt innkjøp av utstyr frå Viking Life-Saving Equipment AS (redningsdrakter, redningsvestar, livbøyer og pyroteknisk utstyr), vart ny fartyinstruks gjeve.

I tillegg leverte Bergen Maritim Elektro AS ny «friflyt» Epirb m/GPS, og fyrstehjelpsutstyret vart gjennomgått av Apotek 1 Stord.

Ny fartyinstruks er gjeldande til 18.11.2018.

## 9.3 «Tobias – 23 kaptein»

Båten er eigd av Hordaland Fylkeskommune – Opplæringsavdelinga, der Austevoll Vidaregåande Skule står for dagleg drift og disponerer fartyet.

### Tekniske data:

Lengde: 7,0 meter

Breidde: 2,60 meter

Djupgåande: 1,10 meter

Hovudmotor: Yanmar 75 hk (55,2 KW)

Diverse:

Båten er utstyrt med hydraulisk blokk, og blir brukt til fiskeri i nærområdet av Vg1 Naturbruk.

## 9.4 «Horisont» Harding Safety LBT-650

Båten er eigd av Hordaland Fylkeskommune – Opplæringsavdelinga, der Austevoll Vidaregåande Skule står for dagleg drift og disponent. Båten vart levert av Harding Safety desember 2016.



Tekniske data:

Lengde: 6,5 meter

Breidde: 2,3 meter

Djupgåande: 1,2 meter

Vekt: 2965 kg

Hovudmotor: BUKH DV29 RME (21,3 kW – 29 hk)

Diverse:

Båten er godkjent for 36 personar, og vert nytta i opplæring i vg2 maritime fag – kurs redningsfarkost og mann over bord båtar.

Båten er i tillegg utstyrt med overrisslingsanlegg, slik at båten vert dekket med vatn og kan køyre gjennom oljebrann (tankbåtversjonen).

## **10 YFF og samarbeid med næringa i Austevoll**

I samband med faget Yrkesfagleg fordjupning skal elevane få moglegheit til å veksle mellom ulike læringsarenaar og å oppleve realistiske arbeidssituasjonar, slik at elevane har eit godt utgangspunkt for å velje lærefag og å knytte kontakt med potensiell læreverksemder.

Alle dei yrkesfaglege klassane ved Austevoll vidaregåande skule vert utplassert i verksemd eller skulens fiskerifarty. Elevar ved vg1 Helse og oppvekst og vg1 Teknikk og produksjon vert utplassert ein dag per veka. Elevar ved vg1 Naturbruk, som ynskjer å gå vidare på vg2 Fiske og Fangst vert med skulefarty i to veker på Lofotfiskeri, medan dei som ynskjer å gå vidare på vg2 akvakultur vert utplassert to veker i lokale oppdrettsverksemder. Vg 2 Maritime fag og Vg2 Fiske og fangst vert utplassert på ulike kommersielle farty. Vg2 Akvakultur er utplassert ein dag i veka og 2 gongar 2 veker i oppdrettsverksemder i Hordaland.

Vg 1 Helse og oppvekst har vore med på eit prosjekt, Funkis, i samarbeid med Austevoll kommune. Her har dei drive fritidsaktivitetar for personar med nedsett funksjonsevne i kommunen.

I samarbeid med Havforskningsinstituttet vart vg1 naturbruk med på prøvofiske på torsk i kystnære område. Dette er eit prosjekt som skulen vil ta del vidare. Skulen er og partner på ein søknad frå Havforskningsinstituttet, der ein ynskjer å utvikle akvakultur i Myanmar. Haust 2017 vart elevar ved vg1 Naturbruk med på å kartlegge hummarfiske på oppdrag av Austevoll kommune. Målet er å danne seg eit godt grunnlag for kor ein skal ha freda område. Skulen har nå signert ein avtale med Lerøy Vest om eit samarbeid om undervisningskonsesjon (sjå tidlegare rapportar). I mai 2017 vart søknad om undervisningskonsesjon send til fiskeridirektoratet.





## **11 Miljø**

Austevoll Vidaregåande skule arbeidar med miljø årleg og ble miljøfyrtårnsertifisert verksemd i mai 2016. Det blir arbeida med arbeidsmiljø, innkjøp og materialbruk, avfall, energi, transport og utslipp til luft og vatn. Kvart år leveres det ein rapport til HFK og Miljøfyrtårn (1. april).

Døme på gjennomførte tiltak i 2016:

- Nye vindauge blei satt inn i verkstaden og eldste del av hovudbygg,
- Ekstrasolering av den eldste delen av hovudbygget
- Pappresse ble kjøpt inn
- El-sykkel og hybridbil ble kjøpt
- Omfattande vedlikehald av båt- og bilpark
- Forbetra rutinar på fartøy
- Bevisstgjøring av personell på innkjøpsrutinar m.h.t. avtaleleverandører og val av miljømerka produkt
- Det blei gjennomført Londontur for heile kollegiet for fagleg oppdatering og styrke teamfølelsen

For 2017 er tiltak blitt satt:

- Kvar månad gjennomføre en sosial hending. Ulike oppdrag for kvar månad er fordelt og fleire har allerede blitt gjennomført
- Behalde fredagslunsjen i 2017
- Tett oppfølging frå leiing av tilsette gjennom formelle og uformelle samtalar
- Samtale med innkjøpsansvarlige (kantine og administrasjon) om val av produkt
- Isolere tak i verkstaden
- Oppfordre til bruk av hybridbil ved tenestereiser
- Opplæring, tilrettelegging og forbetre sortering ved praktiske læringsarenaer
- Kartlegge vatnforbruket ved kaiområdet og gjere brukarane bevisst deira bruk av vatn

## **12 Rekruttering**

I år har det og vore drive eit aktivt arbeid for å rekruttere til dei ulike utdanningsprogramma som skulen tilbyr. Målgruppa har i fyrste rekkje vore ungdomsskuleelevar, men det har og vore retta mot foreldre, rådgjevarar og lærarar. Alle vg1 utdanningsprogram i skuleåret 2016/2017 har så og sei vore fulle. Naturbruk har ei særleg merkbar auke i søkjartalet i dei



seinare år jamfør tidlegare år. Auka kan tyda på at det har vore eit godt arbeid med rekruttering både av skule og fylkje.

Skulen har i år som tidlegare, nytta ulike forum for å nå målgrupper:

### **12.1 Messer:**

Vi delteke ved Ocean Talent Camp på Amalie Skram Vgs (10. nov.), Yrkeslabyrinten i Vestlandshallen (17.-20. okt), Utdanningsmesse Bjørnefjorden (9.-10. nov), Yrkesorientering i Sotra Arena (17. jan.), Karrieredag i Austevollshallen (19. jan.), Utdanningsmesse Askøy (26. jan.), Stord Utdanningsmesse for Sunnhordaland (24.-26. jan) og messa «Ta utdanning» i Grieg hallen (26. jan.) . Her har både elevar og lærar frå Austevoll VGS delteke i presentasjon av skulen sine tilbod. I fjor fekk me ein del nytt messemateriell for å gjere standen vår meir attraktiv (roll-ups, brosjyrar, demo-utstyr, overlevingsdrakt m.m.), dette har fungert godt i år og. No er skulen i gong med å lage ny brosjyre i samarbeid JS-Norge, til bruk for neste skuleår og ein elev i vg2 akvakultur har laga ein svært bra film frå sin utplasseringsperiode som vi kan bruke i vårt rekrutteringsarbeid.

### **12.2 Ringer av vann 21. november**

Rekruttering av eigne elevar til marint- maritimt yrke. Vi hadde Innovasjonscamp saman med Ungt Entreprenørskap for alle elevane på skulen. I tillegg har vi Forsvaret og Opplæringskontoret for Austevoll her for å orientere våre klassar.

### **12.3 Open skule for Austevoll ungdomsskule**

Elevar i 10. klasse frå Austevoll Ungdomsskule vart invitert til å møte våre elevar 14. november, slik at dei kunne hauste deira røynsler og få vite meir om moglegheitene vidare. Dei fekk ta del i ulike aktivitetar.

### **12.4 Utdanningsval – Mitt yrke (Senter for y-rettleiing, SYR)**

I gjennom SYR kan interesserte elevar frå ulike ungdomsskular (9 og 10. trinn) hospitere ved skulen si naturbruk-line. I haust (43. 44 og 47) vitja 10 klasse-elevar frå region Sunnhordaland, Midthordland (Sotra) og frå Nordhordland på skulen og deltok i aktivitetane i naturbruk. Våren 2017 deltok 9 klasse elevar frå dei same regionane naturbruksklassane våre.

### **12.5 Hospitering av einskilde elevar**

I år har me, som tidlegare år, hatt vitjing av einskilde elevar frå ulike ungdomsskular i Hordaland som ikkje er med i Mitt Yrke, i aktuelle utdanningsprogram. Desse elevane kjem ofte saman med rådgjevarar og/eller foreldre og det har vore auke i denne gruppa dette året.

### **12.6 Orientering ved ungdomsskular**

Orientering til elevar i 10 kl og til orientering på foreldremøte ved Austevoll ungdomsskule (23. jan.)



I fleire år har me sendt ein førespurnad til 15 ungdomskular i kystnære strok om me kunne presentere vårt studietilbod til elevane deira i 10. trinn. Skular frå Sotra, Askøy i nord til heilt sør på Bømlo har fått informasjon av engasjerte lærarar frå vår skule

### **12.7 Tokt med Stø Kurs**

Tidlig i haust vart det sendt til ungdomskular i Hordaland ein invitasjon til elevar ved 9. og/eller 10. klassetrinn til dagstokt med opplæringsfartyet ”Stø Kurs” 10. klassar våren 2017: 25. januar, 1. februar, 8 februar og 15. februar og 9 klassar våren 2017: 3. og 31. mai Desse tokta starta som ein del av prosjektet «Rekruttering til marine yrker 2011-2014» og var finansiert av Hordaland fylkeskommune, men i år som i fjor har det det vore finansiert av skulen. Målet er å skape interesse for dei naturbaserte yrka fiske og fiskeoppdrett ved å gje elevane ein spanande dag på sjøen. Elevar frå fleire ungdomsskular har vore deltakarar på I løpet av tokta har elevane vore inndelt i vaktlag og dei har hatt korte øvingar i sikkerheitsfag, nautiske fag og sjømannskap. Dei utførte og praktisk fiske med garn og teiner på fiskefeltet, og etterpå vart fangsten artsbestemt, sløyd og filetert. Til slutt vitja dei eit fiskeoppdrett i Austevoll.

### **12.8 Samarbeid med Lerøy Vest**

I år har det vore eit samarbeid med Lerøy Vest om rekruttering. Oppdrettsverksemda hadde invitert ungdomsskulelevar til å vitja eit av sine matfiskanlegg.

### **12.9 Facebook**

Facebooksida har vore nytta mykje meir ein tidlegare dette året for å informere om små og store nyhende. Både elevar og lærarar har vore flittig å dele desse hendingane vidare. Dette er ein fin måte å promotere det som skjer på skulen og det er mange som les og er inne og kommenterer.

### **12.10 Heimeside**

Skulen har i år ei nettside. Nettsida er blitt meir informativ, attraktiv og dynamisk. Annonsering om skulen sitt tilbod i aviser/tidsskrift, spesielt i tidsskrift knytt til marine- og maritime fag blir bruka i stor grad.

## **13 Eksamensarbeid**

Det er ass. rektor som er eksamensansvarleg ved skulen, og eksamensgjennomføringa vert gjort av ass. rektor og fyrstekonsulent (arbeidet er skildra i prosesskart i KS-systemet). Konsulenten er involvert i arbeidet kring eksamenssamarbeidet med Alfa-kompetanse (D5-kystskipper), medan IKT-ansvarleg hjelper til rundt avvikling av digitale eksamen.

Trekk av eksamen vart gjennomført i januar av rektor og avd.leiar fellesfag.



Eksamensplan for skuleåret 2016/2017 vart utarbeidd i februar 2017, etter siste møte mellom dei samarbeidande skulane i Sunnhordaland. Innhaldet i møte er i hovudsak kvalitetssikring av eksamensplanar og utveksling av sensorar i fellesfaga.

Eksamensperioden for våren 2017 starta 8. mai, og siste eksamen skal gjennomførast 19-20. juni.

I tillegg til eigne elevar er Austevoll vgs desentralisert eksamenslokale/arrangør for eksamenskontoret til Hordaland fylkeskommune, og har perioden 19. mai til 19. juni gjennomført ulike privatisteksamenar.

## **14 AMU og verneombod**

AMU har har dette året bestått av følgende personer:

Nils Ove Sørvik, hovudverneombod og leiar for AMU.

Vivian Bjånesø Horgen, rektor

Håvard Magnus Njåstad, leiarrepresentant

Bjarte Haugland, tilsettrepresentant

Trine Møgster, tilsettrepresentant

AMU har i år hatt med 2 elevar. Det har vært avholdt 3 AMU møter dette skuleåret.

Møter i AMU arrangerast minst fire gonger i året.

Saker som AMU skal arbeide med er:

Personalpolitiske saker som omhandlar trivsel og tryggleik

Sikre at arbeidsmiljøet er i samsvar med lover, forskrifter og interne vedtak

Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid, AKAN-arbeid.

Saker meldes til leder i AMU seinast ei veke før møtet avhaldas.

AMU skal rapportere til HAMU (hovudarbeidsmiljøutvalget HFK).



## 15 HMT på skulen

Verneombod på skulen dette året er:

Nils Ove Sørvik, hovudverneombod  
Alv Terje Økland, verneombod for båten «Stø kurs»  
Gisle Vassnes, verneombod naust, kai og småbåtar  
Leif Gunnar Aarland, verneombod mekanisk verkstad  
Kjersti Sandtorv, verneombod hovudbygg  
Anne Katrine Kalvenes Bjånesøy (AKAN)

I år har 4 vernerundar vorte gjennomført. På grunnlag av risikovurderinga har tiltaka i handlingsplanen verte prioritert på grunnlag av konsekvens og sannsynlegheit. I handlingsplanen er ansvarleg for gjennomføring av tiltaket og frist for utføring oppførte. Handlingsplanen har blitt fortløpande oppdatert etter kvart som tiltaka er utført og nye risikoar har verte oppdaga. I år har me hatt spesiell fokus på beredskapsplanar. Det har vore utarbeida planar for terror, båtar, kaiområdet og elevar på reis.

## 16 Avviksrapportar

Datakvalitet AS har levert eit digitalt avvikssystem til skulen. Alle, både tilsette, elevar og eksterne kursdeltakarar, kan melde inn *Avvik*, *Forbetringsforslag*, *Uønska hending* og *Driftsmelding* via skulen si nye heimeside. Avvika sendast til avdelingsleiar for dei ulike avdelingane, driftsleiar, KS-leiar eller direkte til rektor. Det er KS-leiar som driftar det elektroniske avvikssystemet.

	LG 2017			
	2015	2016	2017	Sum
HMT	0	2	0	2
Opplæringsfarty	7	15	0	22
Administrasjon	2	1	0	3
Fellesfag	2	0	1	3
Yrkesfag	3	9	1	13
Leiing	2	7	1	10
Austevoll vidaregåande skule	5	1	4	10
Organisasjon	0	1	0	1
Sum	21	36	7	64

Det er ingen innrapporteringar frå elevane. Det har vore slik sidan vi tok systemet i bruk. Det kan handle om at elevane i tilstrekkeleg grad ikkje er kjend med systemet, eller dei får løyst



problem og utfordringar før det kjem så langt som til systemet. Alle meldingar i systemet er lukka pr dd.

## **17 Innkjøp**

Når det gjeld innkjøpa her ved skulen, nyttar me Hordaland Fylkeskommune sitt innkjøpssystem som heiter FINS. Alle innkjøp skal godkjennast av avd.leiarane, før bestillinga vert gjort.

Alle innkjøp skal då koordinerast av innkjøpsansvarleg for å sikra at me held oss til alle innkjøpsavtalane som fylket har. Avdelingsleiarane godkjenner kjøp under 10.000 kr. Alt over dette beløpet skal avklarast med rektor. Alle innkjøp under 100.000 kan me styra lokalt på skulen, men kjøp over 100.000 må protokollførast og sendast til fylket for godkjenning. Investeringar over 1.100.000 kr. skal ut på anbodsrunde på DOFFIN.

## **18 Økonomi**

Per juni 2017 ligg me i balanse. Etter at me i eit par år har hatt for høge lønsutgifter, ser me no resultatet etter at me gjorde fleire økonomiske grep i løpet av 2016. Dette har betra økonomien til skulen, og me held ei sunn og kontrollert økonomistyring. Me har søknad om utviding av undervisningskvoten vår inne til handsaming hos Fiskeridepartementet. Me søker om utviding frå 130 til 780 tonn med laks. Dersom denne konsesjonen vert godkjent, vil skulen få ein romsleg økonomi med høve til vekst og vidare modernisering av båtar og undervisningsutstyr dei neste 10 åra.